

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Helse Vest RHF, Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 08.12. 2021, KL. 0900 - 1600

.....
Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Erik M. Hansen, direktør for E-helse
Torunn Nilsen, styresekretær

Ope del

Sak 104/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse. Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei behandla i etterkant av styremøtet i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 1.

Forfall:

Pernille Lysaker hadde forfall til møtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Sak 111/21 Oppdatert styresak - Inntektsramme og resultatkrav 2022 - Forslag til endring av resultatkrav til Helse Bergen HF
- Drøfting - Styresak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav
- Drøfting - Styresak 114/21 Innspill til statsbudsjett for 2023

Saker til eventuelt:

Orientering om brev frå HDS om omstrukturering innan palliasjon (ICB)

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 105/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.11. 2021

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 03.11.2021.

Sak 106/21 Godkjenning av korrigert protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 30.09.2021

Oppsummering

Vedtaks punkt 2 var korrigert i Sak 084/21 Regional handlingsplan for informasjonstryggleik i Helse Vest etter tilbakemelding frå Olin Johanne Henden:

«2. Styret ber om at styringsstrukturen som ligg til grunn for handlingsplanen blir utvikla vidare i samsvar med modellar for god verksemdsstyring som til dømes trelinjemodellen.»

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente korrigert protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 30.09.2021.

Sak 107/21 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret ba om at forkortingar i tilsynssaka med Nye SUS i høve til byggherrens pliktar og krav i byggherreforskrifta på Nye Stavanger sjukehus blir forklart og skriven heilt ut i neste styremøte.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

Med aukande vaksinasjonsgrad er risikoen for alvorleg sjukdom og innlegging i sjukehus avtakande. Vaksinane gjev god beskyttelse mot alvorleg sjukdom og død, og tal innleggingar i sjukehusa er lågare enn tal smitta skulle indikere. Innlagte som er fullvaksinerte har kortare liggetid enn uvaksinerte. Sjølv om smittetala blant de yngste, til dels uvaksinerte, er høge – har desse svært låg risiko for alvorleg sjukdom. Per medio november er om lag 70% av befolkninga i helseregionen fullvaksinerte, og om lag 79% har fått minst ei dose med vaksine. For befolkninga over 18 år er tala om lag 87% fullvaksinerte, og om lag 95% har fått minst ei dose. Det er også starta opp vaksinasjon med ei tredje dose dei over 65 år og for pasientar med sjukdom i immunsystemet. Også helsepersonell i sjukehusa har starta vaksinerings med 3. dose. Pr 25.11.21 er Helse Vest RHF og alle helseføretaka i regionen i gul beredskap. Fråveret i sjukehusa er dobbelt så høgt som vanleg. Det er høg slitasje på deler av personell, og det er forventa aukande antal innlagte pasientar med luftvegsproblematikk. Medarbeidarar i Helse Vest RHF går på 100 % på heimekontor frå i dag av i tråd med nasjonalt påbud.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 108/21 Rapportering frå verksemda per oktober 2021

Oppsummering

Målekort

Målekort Helse Vest - oktober 2021		Nasjonale mål	Denne periode		Mål HV	Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål HV	Mål oppnåelse
			Faktisk				Faktisk			
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	68	50			65	50		
	Ventetid - VOP	45	39	40			40	40		
	Ventetid - BUP	40	42	35			47	35		
	Ventetid - TSB	35	26	30			28	30		
Andel kontakter passert planlagt tid		10,60 %								
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		80 %					77 %			
Korridorpasienter somatikk		1,90 %		0				0		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret			Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold		14 296	13 750	4,0 %		134 548	126 965	6,0 %	
	Dagopphold		5 590	5 554	0,6 %		54 128	48 507	11,6 %	
	Poliklinikk		112 462	113 618	-1,0 %		1 102 363	987 800	11,6 %	
Psykiatri	Døgnopphold		862	994	-13,3 %		8 287	8 268	0,2 %	
	Dagopphold		84	70	20,0 %		742	807	-8,1 %	
	Poliklinikk		43 538	45 516	-4,3 %		405 764	380 123	6,7 %	
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		120	114	5,3 %		1 225	1 258	-2,6 %	
	Dagopphold		1	3	-66,7 %		15	31	-51,6 %	
	Poliklinikk		7 923	8 833	-10,3 %		81 523	91 396	-10,8 %	
Bemanning	Brutto månedsverk		23 482	23 025	2,0 %		23 380	23 282	0,4 %	
	*Sykefravær	5,5 %	7,9 %	7,5 %			7,6 %	7,5 %		
Økonomi	Resultat		Regnskap 28 221	Budsjett 44 952	Avvik -16 732		Regnskap 612 424	Budsjett 546 283	Avvik 66 140	

*Tal for sjukefråvær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare lenger ut i november

Helse Vest ser ut til å nå prioriteringsregelen når det gjeld økonomiske løyvingar til psykisk helsevern for barn- og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Når det gjeld psykisk helsevern for vaksne er ikkje måla nådd. Helseføretaka har i sine budsjett tatt høgde for å innfri prioriteringsregelen. Når det gjeld aktivitet så er det berre psykisk helsevern for barn og unge som så langt har ein høgare vekst i aktivitet enn somatisk helsevern.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same tid i fjor er det ein auke i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 4% og 1%. Tal ISF-konsultasjonar er ein prosent lågare enn tilsvarande tal frå i fjor.

I psykisk helsevern for vaksne er den samla aktiviteten for både døgnopphald og ISF-konsultasjonar høgare enn same periode i fjor, mens tal dagopphald er lågare. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn i same periode i både 2020 og 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er lågare enn same periode i fjor. Tal utskrivningar frå døgnbehandling er høgare enn tilsvarande tal frå 2020.

Ventetider for somatikk (behandla) var i oktober på 68 dagar, noko som er tre dagar høgare enn gjennomsnittet hittil i år , og 18 dagar høgare enn det regionale målet . Ventetider innan psykisk helsevern vaksne var på 39 dagar, som er ein dag betre enn gjennomsnittet hittil i år . Akkumulert per oktober er ventetider for psykisk helsevern vaksne på nivå med det regionale målet. Ventetider for psykisk helsevern barn- og unge var i oktober på 42 dagar, noko som er sju dagar høgare enn målet, men fem dagar lågare enn gjennomsnittet hittil i år. Ventetider for tverrfagleg spesialisert rusbehandling låg i oktober på 26 dagar, noko som er 2 dagar lågare enn gjennomsnittet hittil i år og innanfor det regionale målkravet.

Prosentdel fristbrot er 6,6%. Dette er framleis for høgt. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet akkumulert pr. oktober viser eit positivt avvik i forhold til budsjettet. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å ligge rundt eit normalnivå.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2021 til etterretning.

Sak 109/21 Fordeling av resterande midlar relatert til Covid 19 i 2021

Oppsummering

Helse Vest RHF har i budsjettoplegget for 2021 fått tildelt øymerka midlar relatert til handtering av økonomisk konsekvens av Covid 19. Delar av desse midla blei ikkje fordelt tidlegare i år då det var behov for å sjå utviklinga på Covid 19 etter sommaren.

Dei aktuelle midla det no er aktuelt å fordele er følgjande:

- Øymerka midlar til kompensasjon for beredskap covid 19, der 60 mill. kroner av ei total tildeling var på 398,4 mill. kroner skal fordelast på helseføretaka
- Øymerka midlar til kompensasjon for bortfall av aktivitetsbaserte inntekter, der 52,393 mill. kroner av total tildeling på 248 mill. kroner skal fordelast til helseføretaka

Administrerande direktør legg i denne saka fram forslag til fordeling og disponering av dei aktuelle øymerka midla.

Vedtak (samrøystes)

1. Resterande øymerka midlar til kompensasjon for bortfall av aktivitetsbaserte inntekt hausten 2021 blir fordelt basert på inntektsmodellen på følgjande måte:

Fordelt kompensasjon for bortfall aktivitetsbasert inntekt	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	TOTAL
Fordeling av resterende kompensasjon for bortfall av aktivitetsbasert inntekt hausten 2021 basert på inntektsmodell	15 601	8 710	22 401	5 682	-52 393	0

Samla kompensasjon for bortfall av aktivitetsbasert inntekt 2021 blir då som følger i heile tusen kroner:

Fordelt kompensasjon for bortfall aktivitetsbasert inntekt					
	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	TOTAL
Samla kompensasjon for bortfall av aktivitetsbasert inntekt 2021	97 020	41 058	84 629	25 294	248 000

Det blir gjort eit tilsvarande trekk i a-konto utbetaling av ISF inntekt for 2021.

2. Fordeling av øyremerkte midlar relatert til Covid 19 beredskap som i sak 136/20 er omtalt som «storvolumtesting» på til saman 60 mill. kroner blir fordelt som følger i heile tusen kroner:

Forslag til omdisponering av midler satt av til storvolumtesting						
	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Kompensasjon for test-/ analysekapasitet (fordelt etter inntektsmodell)	8 211		11 789		-20 000	0
Kompensasjon for Covid 19 beredskap fordelt etter inntektsmodell	11 911	6 649	17 102	4 338	-40 000	0
SUM	20 121	6 649	28 892	4 338	-60 000	0

3. Administrerande direktør får fullmakt til å fordele resterande 21,1 mill. kroner av øyremerkte midlar til Covid 19 til dei private ideelle basert på kartlagt økonomisk konsekvens. Eventuelt unytta midlar kan fordelast til eigne helseføretak for å dekke Covid 19 beredskap.

Sak 110/21 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2021

Oppsummering

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 200 mill. kr.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med 200 mill. kr til totalt 1 528 mill. kr.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.

Sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 16/6-2021 sak 050/21 B Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2022. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt før sommaren for å gi helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2021 – 2022) forslag til statsbudsjett 2022 blei lagt fram den 12. oktober 2021, og Tilleggsprop. den 8. november 2021.

Stortinget vil vedta statsbudsjettet rett før jul. Administrerande direktør legg med dette fram forslag til inntektsramme 2022 og resultatkrav 2022 med basis i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett med Tilleggsproposisjon. Helseføretaka skal i løpet av desember vedta sine budsjett for 2022. Sak om konsernbudsjett 2022 vil bli lagt fram for styret i februar 2022.

Statsbudsjettet vil bli behandla av Stortinget i desember d.å. og oppdragsdokumentet 2022 frå Helse- og omsorgsdepartementet er venta å bli sendt over til dei regionale helseføretaka tidleg i januar 2022. Det må derfor takast atterhald for budsjettmessige konsekvensar som måtte komme som følgje av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget sin endelege behandling.

I statsbudsjettet er det lagt opp til å styrke sjukehusa sin økonomi med til saman 2,197 mrd. kroner, men der ekstraordinære aktivitetssløyvingar i 2021 blir trekt ifrå før auka i ramma blir rekna ut. Dette gir grunnlag for ein samla vekst på 1,7 % samanlikna mot saldert budsjett 2021.

Regjeringa har lagt til grunn at samla auke i aktivitet kan bli realisert innafor 80 % av gjennomsnittleg behandlingstkostnad. Dette kravet om effektivisering kommer i tillegg til ABE-reforma som vanleg.

Det er forventa ein pris- og lønsvekst på 2,7 % frå 2021 til 2022.

Innføring av ny inntektsmodell, jf. Magnussen II utvalet sin NOU 2019:24, er gjennomført over to år (2021 og 2022). For å sikre at ingen regionar taper på innføringa, er det i åra 2021 og 2022 lagt inn 175 mill. kroner og 150 mill. kroner ekstra i basisramma, totalt 325 mill. kroner.

Det er gitt auka låneramme til Helse Fonna til finansiering av byggetrinn 2 med ei samla låneramme på 722 mill. kroner og 173 mill. kroner i 2022.

I sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022 blir det i vedtak pkt. 3 føreslått eit resultatkrav i helseføretaka som er som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	150 000	24 000	8 000	1 000	150 000	539 000

Helse Bergen HF har ved styreleiar søkt Helse Vest RHF om å få redusert resultatkravet frå 150 til 100 mill. kroner i 2022. Bakgrunn for dette er at føretaket vurderer budsjetttramma til å vere særleg stram samtidig som det er naudsynt å styrke fleire prioriterte områder. Dette gjeld mellom anna styrking av psykisk helsevern, nye kostnadskrevjande medikament og behandlingmetodar, styrking av operativ kapasitet samt styrking av delar av somatisk verksemd.

Føretaket vurderer at dei likevel vil klare å oppretthalde finansieringsgrunnlaget for investeringar då ein vil ha med seg eit positivt avvik i 2021 samt at dei har med eit unytta ekstraordinær tildeling til Covid 19 frå 2020 som blir brukt i investeringsbudsjett framover.

Styret gav sin tilslutning til at resultatkravet for Helse Bergen blir sett ned frå 150 til 100 mill. kroner i 2022.

Administrerande direktør har fått melding også frå Helse Førde om at dei kan komme til å sende søknad om ein mindre justering av resultatkravet, men det kjem dei eventuelt tilbake til etter si styrebehandling. Denne saka vil vi i så fall komme attende til i saka om konsernbudsjett i februar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtar fordeling av inntektsramme 2022 for helseføretaka. Detaljert bestilling for dei enkelte helseføretaka blir lagt i styringsdokument for 2022.

Inntektsramma 2022 fordelt pr. helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 354 915	1 076 960	3 662 753	729 506	403 360	-	8 227 495
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 866 805	2 506 223	6 914 763	2 091 157			16 378 946
Kvalitetsbasert finansiering	33 381	16 227	55 021	12 671			117 300
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	310 357	160 204	1 048 120	110 639	543 925	3 496 283	5 669 528
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	13 697	1 100	63 272	1 320	0		79 389
SUM, inntekt 2022 fordelt frå RHF	7 579 154	3 760 714	11 743 929	2 945 293	947 285	3 496 283	30 472 659

2. Administrerande direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramma. Administrerande direktør får og fullmakt til å fordele budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF på helseføretaka og private ideelle.
3. Resultatkrav for 2022 blir som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	100 000	24 000	8 000	1 000	150 000	489 000

4. Endelege investeringsrammer for helseføretaka blir fastlagt i sak om Konsernbudsjett 2022 i styremøte i februar 2022.

Sak 112/21 Inntektsmodellen - Utarbeiding av ny modell for prehospitala tenester

Oppsummering

Styret behandla den 16. juni i år styresak 049/21 «Styresak – Revidering av inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest – gjeldande frå 2022 – rapport frå prosjektgruppe» og gjorde dette vedtaket (samrøystes):

1. *Forslaget til inntektsmodell blir vedteke og blir nytta i inntektsfordelinga for 2022.*
2. *Styret ber administrasjonen om å utgreie ein revidert modell for prehospitala tenester, med sikte på å ha modellen klar til inntektsfordelinga for 2023.*
3. *I samband med utarbeiding av oppdrag for prehospitala tenester ber styret administrerande direktør å vurdere om det er analytisk grunnlag for å modellere kostnadar til regionale funksjonar eller om det er mest formålstenleg å halde fram med element av skjønnskot slik som i dag.*

Denne saka viser kort nokre problemstillingar knytt til eit slikt arbeid, og korleis administrerande direktør tenker å gjennomføre prosessen med å revidere modell for prehospitala tenester og vurdere om det er analytisk grunnlag for å modellere kostnadar for regionale funksjonar eller om det er mest formålstenleg å halde fram med element av skjønnskot som i dag.

Saka kjem til behandling i Helse Vest RHF sitt styre i juni 2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 113/21 Innspel til styringsdokument 2022 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Oppsummering

Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS for 2022 vil bli lagt fram for endeleg behandling i styremøte den 15. februar 2022. I denne saka blir overordna framdriftsplan og utkast til kapitteinndeling presentert.

Styret hadde følgjande innspel til tema/oppdrag som bør løftast fram i styringsbodskapet til helseføretaka:

- 5 på topp risiko
- Eige kapittel om beredskap og sikkerheit

- Psykisk helse og rus, særleg auka kapasitet innan psykisk helsevern for barn og unge
- Tiltak for å hente ut gevinstane som er føresetnadar i byggeprosjekta
- Oppfølging av internrevisjonsprosjekta
- Felles tilnærming i føretaksgruppa til rapportering av alvorlege hendingar til Helsetilsynet, inkludert styra sitt ansvar.

Vedtak (samrøystes)

Styret ber om at innspela til styringsdokumenta til helseføretaka i Helse Vest og Helse Vest IKT AS for 2022 blir tatt til følge i den vidare prosessen fram mot endeleg styrebehandling den 15. februar 2022.

Sak 114/21 Innspel til statsbudsjettet for 2023

Saka var felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

I vedlegg 1 til foretaksprotokoll av 14. januar 2021 er det forutsatt at de regionale helseforetakene skal gi innspill til statsbudsjett for 2023 innen 1. desember 2021.

De fire regionale helseforetakene har i fellesskap vurdert aktivitetsbehovet for 2023 innen somatiske tjenester, psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusmiddelbehandling (TSB).

I tillegg omhandler innspillet fra de regionale helseforetakene noen overordnede tema av betydning for statsbudsjettet for 2023.

Styret peker særleg på de fem områdene som er omtalt i saken: at forutsetningen om at vekst kan håndteres innenfor 80 prosent marginalkostnad ikke er bærekraftig på sikt, finansieringen av legemiddelområdet, finansieringen av behandlingshjelpemidler, avvikling av ordningen med egenandel for de regionale helseforetak for driften av ordningen «dom til tvungen omsorg» og renteberegningsregimet ved langsiktige lån.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret slutter seg til den foreliggende vurdering av aktivitetsforutsetninger for somatiske tjenester, psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling som innspill til statsbudsjettet for 2023.
2. Styret i Helse Vest vil understreke behovet for å prioritere psykisk helsevern og rusbehandling, utover det som fremkommer av behov for aktivitetsvekst som følge av den nasjonale fremskrivningsmodellen.
3. Styret ber vidare om at det spilles inn at følgende forhold vurderes nærmere i forbindelse med statsbudsjett for 2023:

- Budsjetttforutsetning om at vekst kan håndteres innenfor 80 prosent marginalkostnad er ikke bærekraftig på sikt
- Finansiering av legemiddelområdet
- Finansiering av behandlingshjelpemidler
- Avvikle ordning med egenandel for de regionale helseforetak for driften av ordningen «dom til tvungen omsorg»
- Renteberegningsregimet ved langsiktige lån

4. Styret ber om at innspillet oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 115/21 Standard for klima og miljø i sjukehusprosjekt

Saka var felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

B Styret behandla den 16. juni i år styresak 049/21 «Styresak – Revidering av inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest – gjeldande frå 2022 – rapport frå prosjektgruppe» og gjorde dette vedtaket (samrøystes):

1. *Forslaget til inntektsmodell blir vedteke og blir nytta i inntektsfordelinga for 2022.*
2. *Styret ber administrasjonen om å utgreie ein revidert modell for prehospitala tenester, med sikte på å ha modellen klar til inntektsfordelinga for 2023.*
3. *I samband med utarbeiding av oppdrag for prehospitala tenester ber styret administrerende direktør å vurdere om det er analytisk grunnlag for å modellere kostnadar til regionale funksjonar eller om det er mest formålstenleg å halde fram med element av skjønnskot slik som i dag.*

Denne saka viser kort nokre problemstillingar knytt til eit slikt arbeid, og korleis administrerende direktør tenker å gjennomføre prosessen med å revidere modell for prehospitala tenester og vurdere om det er analytisk grunnlag for å modellere kostnadar for regionale funksjonar eller om det er mest formålstenleg å halde fram med element av skjønnskot som i dag.

Vedtak (samrøystes)

Styret gav sin tilslutning «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekter» og ber om at standarden blir benyttet i alle sykehusprosjekter, både for nybygging og rehabilitering.

Sak 116/21 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. 10.202

Oppsummering

Mandag 11. oktober 2021 kl. 14.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og som telefonmøte.

Dagsorden

Sak 1 Foretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. oktober 2021 til etterretning.

Sak 117/21 Vedtekter for helseføretaka

Oppsummering

Det blir i denne saka lagt fram forslag til endring av vedtektene i helseføretaka i Helse Vest. Endringa gjeld i første rekke omsetting av vedtektene til nynorsk.

I tillegg er det gjort ein gjennomgang av vedtektene for å sikre at desse er i samsvar med gjeldande praksis for styring og oppfølging av helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til nye vedtekter for helseføretaka i Helse Vest.

Sak 118/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av RBU, Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå dei 2 siste møte i Regionalt brukarutval 08.09.2021 og 29.09.2021.

Det har også vore møte med HOD der alle dei regionale brukarutvala deltok om oppdragsdokument 2022.

Dei felles sakene som alle RBU har meldt inn er

- Tilgang til kliniske studier
- Innføring av nye legatmidlar
- Psykisk helse og rus

I tillegg har RBU i Helse Vest meldt inn:

- Fokus på Helsefellesskap
- Fokus på nye bygg
- Initiativ for å få fram fleire brukarrepresentantar innan psykisk helse og rus

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå LPP Rogaland – Oppdrag til Helse Stavanger om sikkerhetspsykiatri – 09.11.2021
- Skriv 02 – Møtereferat RBU 08.09.2021
- Skriv 03 – Møtereferat RBU 29.09.2021

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Sak 119/21 Eventuelt

Orientering om brev frå HDS om omstrukturering innan palliasjon (ICB)

Administrerande direktør orienterte om prosessen og rapporten om funksjonsfordeling mellom Helse Bergen HF og Haraldsplass diakonale sykehus.

Lukka del

Styret si eignevaluering og vurdering av administrerande direktør blei behandla

etterkant av styremøtet i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 1.

Sak 120/21 Vurdering av administrerende direktør og regulering av lønn 2021

Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Det høyrer til styret å fastsette lønn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vedtak (samrøystes)

Administrerende direktør si lønn blei regulert opp med 2,82 % med verknad frå 1. januar 2021.

Styret si eigenevaluering

Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør var gjennomført som ein elektronisk spørjeundersøking.

Styret sin gjennomgang og dialog om resultatet av spørjeundersøkinga var ikkje ein del av styremøtet, men blei gjennomført i lukka møte i etterkant av styremøtet.

Oppsummering frå styret si eigenevaluering blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Ref. 08.12.2021 Torunn Nilsen

Sett:

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Sett:

Anne Karin Hamre Medlem

Gunnar Berge Medlem

Sett:

Oddvar Kaarbøe Medlem

Sett:

Solfrid Borge Medlem

Sett:

Tord Anton Haaland Medlem

Egil Olsen Medlem

Wenche Kristin Medlem
Røkenes

Marie Skontorp Medlem

